



## PRESSEMELDING FRÅ HANDBALLFESTIVALEN

09.04.2021

**Det er med eit tungt hjarte at me må avlyse Handballfestivalen for andre år på rad.**

Etter at regjeringa la fram planen for den gradvise opninga av samfunnet, vart det klart at me ikkje har nokon moglegheit til å arrangera Handballfestivalen i pinsen. Regjeringa sin plan for gjenopning plasserar pinsen i beste fall i fase 2, og det er først i fase 3 at det vert opna for konkurranse på tvers av kommunegrenser.

Handballfestivalen er eit stort arrangement som alltid vert arrangert over fire dagar i pinsen. Me vil heller ikkje lage konflikhtar med andre turneringar, så me vel difor å avlyse framfor å utsette festivalen til seinare i 2021.

Alle påmeldte lag vil få refundert innbetalte påmeldingsavgifter i løpet av april.

Alle me i Handballfestivalen ønsker å sende ein varm helsing til alle spelarar, trenarar, dommarar, foreldre, dugnadsgjengar, frivillige hjelparar, sponsorar, Stord-samfunnet, Stord kommune og Handball-Norge for øvrig. Me kjem til å sakna dykk minst like mykje i år som i fjor – og me lovar at me allereie no startar jobben med å planlegge ein heidundranes gjenforening i pinsen 2022!

Spørsmål og henvendingar kring pressemeldinga kan rettast til festivalsjef.

**Kjartan B. Grov**

*Festivalsjef Handballfestivalen*

Mobil: 93 44 98 64

Epost: [kjartan@handballfestivalen.no](mailto:kjartan@handballfestivalen.no)

